

På lag med
framtida.
Gulen Venstre



VENSTRE

Med Gulen inn i framtida.



Venstre vil gje fridom til den enkelte, samtidig som vi skal ta vare på fellesskapet og miljøet. Vi trur på skaparkraft, frivillig innsats, dugnadsånd og lokalt sjølvstyre for å skape eit godt samfunn.

Ein god stad å vekse opp

Born og unge er viktige når det gjeld framtida og busetnad. Vi ser ungar og ungdom som enkeltindivid og vil syte for individtilpassa opplæring. Tilsette må få tilstrekkeleg fagleg utvikling og skulane må ha oppdatert og tilstrekkeleg skulemateriell. Skulane er også viktige miljøfaktorar i grendene, og med tanke på tilflytting og utvikling i grendene, er det viktig at kommunen har eit fullverdig barnehage- og skuletilbod slik det er i dag.

Skule- og barnehagestrukturen ikkje skal endrast i valperioden.

Venstre vil

- ✓ søke om midlar til symjeopplæring for barnehagebarn
- ✓ gje økonomisk støtte til utdanning av barnehagepersonell
- ✓ ha full barnehagedekning
- ✓ ha tilpassa opningstider i barnehagen

- ✓ ha gratis kjernetid i barnehagen for born i familiar med låg inntekt
- ✓ jobbe vidare med realisering av eit symjebasseng i kommunen

Tilflytting og bustadbygging

Det er avgjerande at det alltid er tilstrekkeleg attraktive tomter i dei kommunale byggefelta. Planlegging og utviding av må starte i god tid slik at kommunen alltid har gode tomter å tilby. Kommunen skal også vere positive til bustadbygging utanfor kommunale byggefelt..

- ✓ vidareføre etableringstilskotet på 50.000 til husbyggarar under 45 år
- ✓ gje eit ekstra tilskot på kr 100.000 til bustader bygd utanfor kommunale byggefelt for husbyggarar under 45 år
- ✓ vegleiing og hjelp i byggesakshandsaminga. Garantert svar innan 2 veker
- ✓ stå på for at NVE får gjort ferdig skredfarekartlegginga for Gulen

Næring og utvikling

Gulen skal vere ein JA kommune og Venstre vil vere på lag med næringslivet. Vi vil legge til rette for nye og eksisterande bedrifter får lett mogelegheiter for etablering og utvikling.

Det viktigaste for tilrettelegging for næring og utvikling er at kommunen alltid har oppdaterte planar – kommuneplan, arealplan og kommunedelplanar. Ingen skal måtte vente på at planar vert utarbeidde og godkjende!

Venstre vil

- ✓ vidareføre at deler av eigedomsskatten frå verk og bruk går tilbake til tilrettelegging for næringslivet
- ✓ ha ei rask og aktiv sakshandsaming frå kommunen
- ✓ ha tett og god dialog med Gulen og Masfjorden Utvikling

Helse og omsorg

Vi skal gje god omsorg til dei som treng det – når dei treng det. Vi skal gje rett hjelp til dei som treng det – når dei treng det. Vi skal styrke folkehelse og meistring. Venstre vil prioritere førebyggjande tiltak slik at eldre skal behalde ei god helse og få mogelegheit til å bu heime lenger. Det skal vere nok sjukeheimsplassar av høg kvalitet slik at ingen må vente på plass eller ende opp med uverdige tilbod. Sjukeheimen skal ha tilstrekkeleg plassar for avlastning, opptrening og rehabilitering.

Ved bygging av symjebasseng skal det også etablerast eit terapibasseng.

Kommunen skal vere aktive med å gje tilbod til folk i alle aldrar som har spesielle behov/psykiske problem.



venstre.no/gulen

» Kulturarenaene er viktige møtepunkt for god integrering.



Påverking

Viktige samfunnsfunksjonar for gulingane ligg utanfor kommunen sitt mynde. Vi skal likevel vere med å påverke desse.

Venstre vil

- ✓ gjere det ein kan for å hindre utbygging vindmøller i kommunen
- ✓ opprette lokalkontor med døgnbemanning for politiet for å sikre raskast mogleg responstid
- ✓ arbeide for ein betre standard for fylkesvegane i Gulen, særleg for FV 57 Rutledal – Sløvåg og FV1 Instefjord – Rutledal
- ✓ sikre eit mest mogeleg fleksibelt vidaregåande skuletilbod i nye Vestland fylke
- ✓ vere pådrivar for vidare utbygging av breiband til alle husstandar og betring av mobildekninga i kommunen.

Miljø

Venstre vil at kommunen skal:

- ✓ gå over til å nytte elektriske bilar ved fornying av bilparken

- ✓ etablere ladepunkt for el-bilar ved dei største kommunale arbeidsplassane
- ✓ gå gjennom kommunale bygg med tanke på energisparing t.d. ved etterisolering, varmpumper, solcellepanel
- ✓ vurdere val av energiform ved planlegging av kommunale nybygg
- ✓ stille seg kritiske til nye utsleppsløyve til sjø
- ✓ opprette gjenbruksstasjon i Sløvågområdet i samarbeid med NGIR

Kultur

Kulturlivet i Gulen er i det vesentlege drive av eldsjeler og frivillige lag og organisasjonar. Desse er viktige for identitet, personleg utvikling og trivsel. Kulturarenaene er også viktige møtepunkt for ulike kulturar og for ei god integrering. Desse arenaene vil kommunen støtte opp om.. Venstre vil støtte opp om visningsbygg/museum ved Gulatingstaden



” Gulen må halde fram den sterke satsinga dei siste åra på å legge til rette for nye bedrifter og jobbar.

Elise Leite Midtun

6. kandidat for Gulen Venstre



” Vi må prioritere kvalitet i skulen. Eit mål for Gulen Venstre er å auke ressursane til lærartimar.

Veslemøy Dingen

2. kandidat for Gulen Venstre



” Skule- og barnehagesstrukturen skal ikkje endrast i valperioden.

Sirianne Dingen

7. kandidat for Gulen Venstre



” Gulen Venstre vil fjerne eigeidomsskatten for private.

Steinar Nese

3 kandidat for Gulen Venstre

venstre.no/gulen



Aslak Nyhammer

Vår ordførarkandidat

Administrasjon

Venstre vil at

- ✓ kommunen framleis skal vere sjølvstendig
- ✓ kommunen i utgangpunktet skal vere positive når innbyggjarar, lag og organisasjonar eller næringsliv kjem med innspel. Det skal gjevast ei rask og førebels tilbakemelding om kva kommunen vil gjere vidare med innspelet
- ✓ tilsettingar skal gjerast i nytt hovudutval for administrasjon, samansett av politikar og representantar for arbeidstakarorganisasjonane

Eigedomsskatt

Venstre vil fjerne eigedomsskatten for private. Vi legg til grunn at tilføringar

frå Havbruksfondet vil skje i tråd med dagens ordning.

Venstre sine kandidatar til kommunevalet 2019 er klare til å gjere Gulen til ein endå betre kommune å bu i. Ein kommune som gjev omsorg og legehjelp når det trengs er ein god stad å vekse opp på, og å flytte attende til. Det same gjeld ein kommune som legg til rette for nyskaping, nye arbeidsplassar og grøn vekst.

Saman skal vi ta Gulen kommune inn i framtida. Røyst Venstre ved kommunevalet i Gulen 2019.



Gunhild Berge Stang

Fylkesordførarkandidat

Vestland Venstre vil ha eit grønt nyskapande Vestland. Vi må ta klimagassutslepp, tap av naturmangfald og plastforsøpling på alvor. Næringslivet i Vestland skal vere i front på grøn innovasjon og utvikling av fornybar energi. Vestland fylke skal vere klimanøytralt innan 2030.

Vi skal skape ein skule for framtida. Vi vil jobbe for fritt skuleval og kvalitet i den vidaregåande skulen i den nye fylkeskommunen.

Vestland skal ha betre kollektivtilbod og trygge vegar. Det nye Vestland må bindast saman gjennom auka satsing på infrastruktur. Gode og trygge vegar, kollektivtilbod og breiband er avgjerande for busetnad, miljø og næringsliv.

Stem på Vestland Venstre ved fylkestingvalet!

Vestland Venstre sine kandidatar

1. **Gunhild Berge Stang**, Fjaler
2. **Geir Kjell Andersland**, Bergen
3. **Agnes Hoshovde Bernes**, Alver
4. **Alfred Bjørlo**, Stad
5. **Tom Hiis Bergh**, Bergen
6. **Elizabeth Toft Erichsen**, Øygarden
7. **Astrid Knutsen Hårstad**, Bergen
8. **Jan Henrik Nygård**, Kinn
9. **Åsta Årøen**, Bergen
10. **Torstein Tvinnereim**, Stryn
11. **Ragnhild Handeland**, Kvinnherad
12. **Jon Ove Lomheim**, Luster
13. **Margunn Østrem**, Voss
14. **Daniel Gangeskar**, Kinn
15. **Ingrid N. Fjeldstad**, Bergen
16. **Vegard Løknes**, Bergen
17. **Maria Knagenhjelm**, Sogndal
18. **Astrid Dale**, Bjørnafjorden
19. **Njål Eliasson**, Kinn
20. **Grete Line Simonsen**, Bergen
21. **Bjørn Tore Sund**, Osterøy
22. **Terje Horvei**, Aurland
23. **Marit Gjerstad**, Bergen
24. **Rolf Nesheim**, Alver
25. **Else Mundal**, Sogndal
26. **Anton Engen**, Bergen
27. **Marius Hellan Hindenes**, Alver
28. **Judith Kapstad**, Sunnfjord
29. **Galo Austegard**, Bergen
30. **Kari Østervold Toft**, Øygarden
31. **Kjersti Brevik Møller**, Bergen
32. **Ronny Knutsen**, Askøy
33. **Bjørn Arne Mjåseth**, Askvoll
34. **Siri Kristoffersen Hamre**, Bergen
35. **Jostein Osnes**, Etne

Venstre sine kandidatar i Gulen.



Røyst Venstre ved
komunevalet i Gulen i 2019.



1. Aslak Nyhammer

Bur på Hisarøyna.

1. Aslak Nyhammer, f. 1952

2. Veslemøy Dingen, f. 1974

3. Steinar Nese, f. 1989

4. Jorunn Haveland, f.1936

5. Odd Ingar Haugland, f. 1968

6. Elise Midtun, f. 1995

7. Sirianne Dingen, f. 2000



2. Veslemøy Dingen

Bur i Eivindvik.



3. Steinar Nese

Bur i Eivindvik.



4. Jorunn Haveland

Bur i Eivindvik.

**Vi skal vidare -
saman skal vi ta Gulen kommune
inn i framtida.**

venstre.no/gulen



VENSTRE